



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF  
5100 ISDALSTØ

TELEFON 56 35 05 55  
TELEFAX 56 35 28 00

ARKIV

VILLANGER & SØNNER A/S

5100 ISDALSTØ

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato: 06.07.95

LJH/95/1734/188/684/01

**SAK 148/95 BYGGESAK - 1/3 AV REKKEHUS MED 3 BUSTADER  
VILLANGER & SØNNER AS - GNR. 188 BNR.684**

Saka er handsama av teknisk sjef etter fullmakt frå rådmannen.

Saksdokument.

Søknadom byggjeløyve datert 27.06.95  
kvittering for srndt nabovarsel  
situasjonskart 1:1000  
teikningar 1:100, 1:50, type C  
Søknad om ansvarsrett datert 18.05.95

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld oppføring av eine tredjedelen av ein vertikaldelt tremannsbustad på 105m<sup>2</sup> bruksareal i regulert felt E, delområde 11.

Vedtak:

Søknaden om byggjeløyve vert godkjend i samsvar med teikningar og utgreiingar på følgjande vilkår:

1. Bygget skal plasserast med topp grunnmur på kote 37,5.
2. Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg leidningsnett. I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad om tilknytting og meldingom utføring sendast til teknisk kontor på særskilt skjema vedlagt turvande planar.
3. Omsøkte bustaeining skal skiljast frå resten av 3 mannsbustaden med bygningsdelar i brannklasse B 30 (B.f.kap.31:2).
4. Eigaren av eigedomen skal innordna seg reguleringsføresegnene tilknytt reguleringsplanen.
5. I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillete igangsett arbeid før det er gjeve byggjeløyve eller graveløyve.

**BYGGJELØYVE VERT SENDT NÅR VILKÅRA I VEDTAKET ER STETTA**

Arbeidet må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gitt, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet er innstilt i meir enn 2 år.


Teknisk sjef godkjenner Villanger & Sønner A/S v/ Olav Tore Fosse som ansvarshavande for heile arbeidet (PBL § 98).

Garasje skal meldast på vanleg måte til teknisk sjef når det vert aktuelt å byggja den. (Plan- og bygningslova § 86a eller § 93)

Oppføring av forstøtningsmur skal godkjennast av teknisk sjef etter søknad, jfr. Plan- og bygningslova § 84. Oppføring av innhegning mot veg skal meldast til bygningsrådet i samsvar med § 86a i lova, jfr. Byggjeforskriftene kap. 15.

Ved feiging frå tak må det monterast fast stige eller trinn i taktekinga i samsvar med forskriftene til brannlova § 7. Ta kontakt med feiaren eller bygnings- kontrolløren for nærare utgreiing.

for teknisk sjef

  
Lars Johan Haukås  
forvaltningssjef